

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må nytta valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.

Kjem det av dette grunnlaget fram at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Hordaland fylkeskommune meiner ein då må forlenga fristen for når røystene må vera komne fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.